

SULDAL KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: torsdag 17. september 2020
Tid: kl. 11.00 NB!!!!
Stad: Suldal kommunehus, kommunestyresalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmann/kommunalsjef er invitert i sak 15 - 16

SAKLISTE:

- 14/20 Godkjenning av protokoll frå møte 11.06.20**
- 15/20 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef for utvikling, plan og teknisk**
- 16/20 Oppfølging av revisjonsrapport – «Eigarskapsforvaltning»**
- 17/20 Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Psykisk helsehjelp og miljøtenesta»**
- 18/20 Revisor si egenerklæring for 2020**
- 19/20 Budsjett 2021 – kontrollarbeidet i kommunen – kontrollutvalet sitt framlegg**
- 20/20 Referat- og orienteringssaker 17.09.20**

Ymse

Aksdal, 10.09.20

Tormod Skeie (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (er invitert i sak 15 - 16)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	17.09.20	14/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.06.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 11.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 11.06.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 11.06.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 10.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Torsdag 11. juni 2020 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leing av leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 13.00, inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Per Gudmund Øxtra (Sp), Henrik Halsne (Ap), Ragnhild Sukka (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg - Rogaland Revisjon IKS – via link i sak 11 og 12 (Teams)
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen i sak 9 Leiar bygdeutvikling Endre Gjil i sak 8, pkt. 19 Økonomirådgjevar Ronny M. Rugland i sak 10
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 7, 9, 8 pkt. 19, 10, 8, 11, 12, 13 og Ymse

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 07/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.05.20****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 11.06.20:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.06.20:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 08/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.06.20

18. Samhandlinga mellom utvalet, ordfører og rådmann – til diskusjon i møtet
19. Snøscooterkjøring og løyver - orientering v/rådmannen
20. Framlegg til «Retningslinjer for korleis kontrollutvalsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt»
21. Brev frå Suldal mållag om manglande oppfølging av Målbruksplanen for Suldal kommune, dagsett 24.04.20
22. Førebels svarbrev til Suldal mållag v/Havrevoll, dagsett 07.05.20
23. Statusoversyn pr. juni 2020
24. Medlemsinformasjon mai 2020 – frå FKT

Handsaming i kontrollutvalet 11.06.20:

Leiar gjorde greie for referatsakene.

Pkt. 19 - snøscooterkjøring

Leiar bygdeutvikling Endre Gjil orienterte. Han synte til at kommunen gav løyver etter «motorferdsellova». Det er naturvernoppsynet og politiet som er kontrollmyndigheit. Kommunen tildeler løyver etter søknad.

Pkt. 20 - retningslinjer

Medlemmene drøfta det reviderte framlegget. Leiar leste opp eit eige framlegg. Utvalet var samd om at leiar sitt framlegg var dekkjande og sendast ut til medlemmene.

Pkt. 21 – brev frå Suldal mållag

Leiar orienterte. Medlemmene meinte det var kort tid sidan utvalet hadde fått ei god og grundig orientering frå rådmannen om oppfølging av målbruksplanen. Utvalet var samd om å sende brevet til rådmannen med oppmoding om å følgje opp innhaldet i brevet.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.06.20:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 18 – 24 til orientering.

Suldal kontrollutval godkjenner «Retningslinjer for korleis kontrollutvalsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt».

Suldal kontrollutval tek brevet frå Suldal mållag til orientering. Brevet blir sendt vidare til rådmannen med oppmoding å følgje opp innhaldet i brevet om oppfølging av målbruksplanen.

SAK 09/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/RÅDMANNEN

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå rådmannen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 11.06.20:

Rådmannen orienterte. Han gjorde greie for korleis kommunen er organisert, stabsfunksjonane, rådgjevaroppgåver, internkontroll og handtering av koronasituasjonen. Rådmannen svara på spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.06.20:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå rådmannen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

**SAK 10/20 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT
«KLIMA OG ENERGIPLAN»****Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Klima og energiplan» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 11.06.20:

Økonomirådgjevar Ronny M. Rugland orienterte. Han viste til den skriftlege tilbakemeldinga og utdjupa svara/kommenterte alle tilrådingane frå revisor. Medlemmene fekk svar på spørsmål undervegs. Leiar peika på at det var nytta «jordbruk» og ikkje «landbruk» i tilbakemelding, og han sakna omtala av skogbruk. Rugland vil oppdatere tilbakemeldinga før saka blir sendt til kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.06.20 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Klima og energiplan» til orientering.

SAK 11/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024 – SULDAL KOMMUNE**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2021 – 2024 slik den ligg føre/med desse endringane.....

og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2021 – 2024 slik den ligg føre.

Suldal kommunestyre gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3 og § 23-4.

Handsaming i kontrollutvalet 11.06.20:

Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg deltok på Teams. Leiar innleia og gjorde greie for kvifor det var naudsynt å endra lista over prioriterte prosjekt frå førre møte. Revisor svara på spørsmål. Medlemmene drøfte rekkefølgja på dei ulike prosjekta og blei samde om ei ny prioritert liste.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.06.20:

Suldal kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2021 – 2024 med følgjande prioriteringar:

- *Miljøtenesta (2020)*
- *Kritisk kompetanse (2021)*
- *Førebygging og tidlig innsats (2021)*
- *Styring og kontroll med investeringsprosjekt (2022)*
- *Forbetring og effektivisering (2022)*
- *Legetenesta og legevakta (2023)*
- *Integrering av flyktingar (2023)*

Følgjande prosjekt er uprioriterte:

- *Spesialundervisning*
- *Barneverntenesta*
- *Beredskap/koronahandtering*

Prioritert eigarskapskontroll:

- *IVAR IKS*

og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2021 – 2024 slik den ligg føre.

Suldal kommunestyre gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endra planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3 og § 23-4.

SAK 12/20 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av i neste møte.

eller

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Korona – handteringa av koronautbrotet» i samsvar med vedlagt prosjektplan (med lokal tilpassing)/med endringar som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 260 timar.
Utvalsleiar får mynde til å godkjenne endeleg prosjektmandat.

Handsaming i kontrollutvalet 11.06.20:

Utvalet hadde prioritert «Miljøtenesta» høgast i ny Plan for forvaltningsrevisjon (jfr. sak 11) og var samd om å tinga eit prosjektmandat om dette tema.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.06.20:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av «Miljøtenesta» i neste møte.

**SAK 13/20 REGLEMENTET TIL KONTROLLUTVALET –
ENDRINGAR SOM FØLGJE AV NY KOMMUNELOV****Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Suldal kontrollutval som følgje av ny kommunelov. Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement (med tillegg/endingar).

Handsaming i kontrollutvalet 11.06.20:

Leiar innleia. Medlemmene peika på nokre ortografiske feil, som sekretariatet vil endra før oversending til kommunestyret. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 11.06.20 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Suldal kontrollutval som følgje av ny kommunelov. Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement.

YMSE**Sakspapira i posten**

Utvalssekretær opplyste at det etter vedtaket i førre møte hadde komme reaksjonar i sekretariatet og på rådhuset. Medlemmene hadde fått utdelt IPad, og det var difor ikkje lagt inn budsjett til portoutgifter.

Utvalet var samd om å endra vedtaket frå førre møte. Sakspapira skal ikkje sendast ut pr. post.

Neste møte: torsdag 17.09.20, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 11.06.20

Tormod Skeie
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	17.09.20	15/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF FOR UTVIKLING, PLAN OG TEKNISK

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef for utvikling, plan og teknisk om hans arbeid og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 25.05.20, sak 05/20 følgjande:

Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

<i>Møtet 11.06.20</i>	<i>administrasjonen v/rådmann Valen</i>
<i>Møtet 17.09.20</i>	<i>utvikling, plan og teknisk v/kommunalsjef Guggedal</i>
<i>Møtet 12.11.20</i>	<i>helse og omsorg v/kommunalsjef Angelvik</i>
<i>1. møte 2021</i>	<i>oppvekst v/kommunalsjef Rullestad Gjerde</i>
<i>2. møte 2021</i>	<i>lønn- og personal v/Tobiassen</i>
<i>3. møte 2021</i>	<i>kommunekassen v/Gundersen</i>
<i>4. møte 2021</i>	<i>servicetorget v/Vaage</i>
<i>5. møte 2021</i>	<i>.....</i>

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei sendt rådmannen 28.05.20

Sekretariatet vil gjere framlegg om følgjande tema (berre rettleiande):

Tenesteområda og tenestetilbod

- Korleis tenesteområda er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområda

Dei tilsette

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 10.09.20

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyret	03.11.20	
Kontrollutvalet	17.09.20	16/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «EIGARSKAPS-FORVALTNING»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Eigarskapsforvaltning» til orientering.

Vedlegg: tilbakemelding frå rådmannen, dagsett 31.08.20

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møtet 05.09.19, sak 48/19 følgjande:

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Eigarskapsforvaltning» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine fire tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Rapporten blei utarbeida i 2019 og handsama av kontrollutvalet 06.06.19. Føremålet med prosjektet var å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap vert utøvt, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det vert sett på korleis eigarstyringa er forankra og korleis det einskilde eigarskap (selskap) vert følgt opp reint praktisk.

Revisjonen hadde følgjande fire tilrådingar:

1. Kommunen bør vurdere å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. Handsaminga av eigarskapspolitikken kan her få ein meir langsiktig horisont. Fleire kommunar i vår region har den nemnde praksisen.

2. *Kommunen bør styrka si opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing til folkevalde. Dette kan takast som egne temamøte i kommunestyret.*
3. *Kommunen bør satsa på at arkiveringa av det einskilde eigarskap (selskap) etter kvart vert fullstendig.*
4. *Kommunen bør leggja ut informasjon om si eigarskapforvalting på kommunen sine nettsider. Som eit minimum trekker vi fram link til kommunen si eigarskapsmelding.*

Oppfølging/tilbamelding

Vedlagt saka er rådmannen si tilbakemelding som sekretariatet mottok 01.09.20.

Rådmannen har kommentert korleis kvar av dei fire tilrådingane har blitt følgt opp og skriv følgjande:

1. **Tilråding:** *Kommunen bør vurderer å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. Handsaminga av eigarskapspolitikken kan her få ein meir langsiktig horisont. Fleire kommunar i vår region har denne nemnde praksisen.*

Tilbakemelding: *Rådmannen vil tilrå ei årleg selskapsrapportering. I selskapsrapporteringa vil me kort presentere administrative og driftsmessige endringar. Den første selskapsrapporteringa skal opp i kommunestyret no i september.*

I tillegg vil rådmannen tilrå ei politisk sak om selskapsstrategien/ eigarskapsforvaltninga (eigarskapsmeldinga) i kvar valperiode. Det overordna dokumentet skal opp i kommunestyret i november. I den utvida meldinga vil me revidere den overordna selskapsstrategien og gå litt meir inn i detaljane, inkludert å sjå på selskapsstrategien til det einskilde selskap.

2. **Tilråding:** *Kommunen bør styrka si opplæring og informasjon om eigar styring og selskapsleiing til folkevalde. Dette kan ta kast som egne temamøte i kommunestyret.*

Tilbakemelding: *me vil arrangere ei folkevaltopplæring om eigarskapsforvaltning den 3. november. Me ønsker eit slikt møte i kvar valperiode.*

3. **Tilråding:** *Kommunen bør satsa på at arkiveringa av det einskilde eigarskap (selskap) etter kvart vert fullstendig.*

Tilbakemelding: *me har skjerpa rutineane. Vår representant i representantskapet/generalforsamling har ansvar for at årsrapportering, referat i frå møta med meir blir arkivert i vårt saksystem. Rådmannen har ansvar for å sjekke at det blir gjort.*

4. **Tilråding:** *Kommunen bør leggja ut informasjon om si eigarskapforvalting på kommunen sine nettsider. Som eit minimum trekker vi fram link til kommunen si eigarskapsmelding.*

Tilbakemelding: *eigarskapsmeldinga ligg ut på nettet.*

Sekretariatet sine kommentarar

I følge kommunelova § 23-2 bokstav e og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at revisjonsrapportar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan også rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå rådmannen viser at tilrådingane er følgt opp, forbetringstiltak er sett i verk og det er lagt planar for vidare oppfølging.

Aksdal, 10.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Rådmannen

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks
Postboks 57
5575 AKSDAL

Dykkar ref.

Vår ref.
20/955-1 20/11763
Ronny Mehus Rugland

Arkivkode:

Dato:
31.08.2020

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONEN - EIGARSKAPSFORVALTNING

Her kjem ei kort tilbakemelding på oppfølging av revisjonsrapporten «Eigarskapsforvaltning», jf. punkt 3 i kommunestyresak 48/19 om at rådmannen skal gje ei tilbakemelding på korleis me har jobba med rapporten.

Tilbakemelding på revisjonen sine tilrådingar:

1. **Tilråding:** Kommunen bør vurdere å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. Handsaminga av eigarskapspolitikken kan her få ein meir langsiktig horisont. Fleire kommunar i vår region har denne nemnde praksisen.
Tilbakemelding: Rådmannen vil tilrå ei årleg selskapsrapportering. I selskapsrapporteringa vil me kort presentere administrative og driftsmessige endringar. Den første selskapsrapporteringa skal opp i kommunestyret no i september. I tillegg vil rådmannen tilrå ei politisk sak om selskapsstrategien/eigarskapsforvaltninga (eigarskapsmeldinga) i kvar valperiode. Det overordna dokumentet skal opp i kommunestyret i november. I den utvida meldinga vil me revidere den overordna selskapsstrategien og gå litt meir inn i detaljane, inkludert å sjå på selskapsstrategien til det einskilde selskap.
2. **Tilråding:** Kommunen bør styrka si opplæring og informasjon om eigar styring og selskapsleiing til folkevalde. Dette kan ta kast som eigne temamøte i kommunestyret.
Tilbakemelding: me vil arrangere ei folkevaltopplæring om eigarskapsforvaltning den 3. november. Me ønsker eit slikt møte i kvar valperiode.
3. **Tilråding:** Kommunen bør satsa på at arkiveringa av det einskilde eigarskap (selskap) etter kvart vert fullstendig. **Tilbakemelding:** me har skjerpa rutineane. Vår representant i representantskapet/generalforsamling har ansvar for at årsrapportering, referat i frå møta med meir blir arkivert i vårt saksystem. Rådmannen har ansvar for å sjekke at det blir gjort.
4. **Tilråding:** Kommunen bør leggja ut informasjon om si eigarskapforvaltning på kommunen sine nettsider. Som eit minimum trekker vi fram link til kommunen si eigarskapsmelding. **Tilbakemelding:** eigarskapsmeldinga ligg ut på nettet.

Med helsing

Ronny Mehus Rugland

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse

Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.

Telefaks
52 79 22 25
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro
Org. nr.

Økonomirådgivar

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	17.09.20	17/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «PSYKISK HELSEHJELP OG MILJØTENESTA»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Psykisk helsehjelp og miljøtenesta» i samsvar vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar.

Vedlegg: «Psykisk helsehjelp og miljøtenesta» - prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen jamleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 11.06.20, sak 12/20:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av «Miljøtenesta» i neste møte.

Rogaland Revisjon IKS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som er vedlagt saka. Forvaltningsrevisor opplyser at dei har endra prosjektet frå berre «miljøtenesta» til også å omfatte «psykisk helsehjelp». Revisor skriv følgjande om prosjekt:

Prosjektet har fått en dreining mot psykisk helse, men der vi også har ivaretatt miljøtjenestene. Dette for å tydeliggjøre hva vi tenker vil være den mest naturlige og nyttige innfallsvinkelen i Suldal.

Grunnen til at det har blitt sånn er at miljøtenester i Suldal ytes av Suldal bu- og aktivitetstiltak og psykisk helseteneste. Suldal bu og aktivitetstiltak er et botilbud for brukere psykisk utviklingshemming og denne enheten kom godt ut av Fylkesmannens tilsyn i 2018 (ingen avvik eller merknader). Vi anbefaler derfor å dreie oppmerksomheten mot den andre enheten som yter miljøtjenester, dvs. Psykisk helse. Her er miljøtjenester en del av den psykiske helsetjenesten, men etter vår vurdering er det mest formålstjenlig å vurdere den psykiske helsetjenesten i sin helhet.

I Suldal har man organisert rusvern- og det psykiske helsetilbudet på tre enheter (Barn, voksne, rus). I Sauda kommune er det psykiske helsearbeidet retta mot voksne og barn, samt rusvern, organisert under same eining. Frem til 2015 hadde de samme organisering som Suldal, men valgte å gå bort fra denne.

Sentrale spørsmål i Suldal er korleis organiseringa og samhandlinga innanfor dette området fungerer, og korleis brukaren opplever tilbodet og koordineringen av tenestene.

Revisjonen har skissert følgjande formål og problemstillingar:

Formål:

Formålet med prosjektet er å undersøka korleis det psykiske helsehjelpstilbodet i Suldal kommune fungerer.

Problemstillingar:

- 1. Korleis fungerer organiseringa av arbeidet retta mot brukarar med psykiske vanskar?*
- 2. I kva grad er dei psykiske helsetenestene tilgjengelege og kjente?*
- 3. Kva for eit psykisk helsehjelpstilbod har kommunen til barn og unge og til voksne brukarar, og kor mange får psykisk helsehjelp?*
- 4. I kva grad klarer kommunen å setja inn hjelpa tidleg?*
- 5. Korleis fungerer samhandlinga mellom dei mest sentrale aktørane som yter tenester til personar med psykiske problem?*
- 6. Korleis blir brukarmedverknaden tatt vare på og korleis opplever brukarane tilbodet, koordineringen av tenestane og eigen medverknad?*

Rogaland Revisjon IKS vil gjennomføra prosjektet i løpet av hausten, for venteleg å levera rapport på nyåret i 2021. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på ca. 200 timar. Det er lagt inn eit budsjett for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på inntil 400 timar i 2020. Revisjonen har så langt i år utarbeida Risiko- og vesentlegvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dette oppdraget hadde ei rame på 110 timar.

Kontrollutvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar til dei føreslåtte problemstillingane dersom utvalet ønskjer det.

Aksdal, 10.09.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Psykisk helsehjelp og miljøtenester

Suldal kommune, 2020

BAKGRUNN

Miljøtenester er praktisk bistand, råd og rettleiing til personar med funksjonsnedsettelse, som kan skuldast/koma av psykisk lidelse, ruslidelse, reduserte kognitive funksjoner eller fysisk funksjonshemming. Miljøtenesta i Suldal gir tenester til personar med psykisk og fysisk funksjonshemming. Målet med tenesta er at den enkelte får muligheit til å leve og bu sjølvstendig, og ha ein aktiv og meningsfylt tilværelse med andre.

I Suldal ytes miljøtenester av Suldal bu- og aktivitetstiltak og psykisk helseteneste.

Suldal bu og aktivitetstiltak har ulike buformer for personar psykisk utviklingshemming, og butilbodet er avhengig av den enkeltes funksjonsnivå.

I april 2018 gjennomførte Fylkesmannen tilsyn med Suldal bu- og aktivitetstiltak. Temaet for tilsynet var om kommunen gjennom systematisk styring og leiing sikrar at personar over 18 med utviklingshemming, og som bur i eigen bustad, får forsvarlege helse- og omsorgstenester. Fylkesmannen undersøkte om kommunen la til rette for at brukarane fekk personleg assistanse i form av tilsyn og bistand til å ivareta eigenomsorg, bistand til aktivisering, opplæring i dagleglivets gjeremål og personleg stell, helsetenester i heimen og tilgang til medisinsk undersøking og utredning. Det blei ikkje funne avvik eller påpekt merknadar.

Psykisk helseteneste er organisert under heimetenesten, er organisert i fire team, og er eit tilbod for innbyggjarar over 18 år. Vi går ikkje inn på alle desse i samband med mandatet, men team 1 tilbyr to typar tilbod dvs. lågterskel samtaletilbud, til dømes ved angst, depresjon, livskrise og lettare rusproblematikk og lågterskel rusverntilbud, dvs. aktivitetssenter som blir driven av tilsett med brukarerfaring. Det er Team 3, Bu og mestring, som tilbyr miljøtenester.

Helsedirektoratet har valt å dela psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne inn i tre hovudforløp ¹:

- Hovudforløp 1: Milde og kortvarige problem

¹ Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne – et verktøy for kommuner og spesialisthelsetjenesten (Helsedirektoratet). Det vil være glidendeoverganger og overlappinger mellom de ulike forløpene, og den enkeltes problemer og situasjon kan raskt endre seg.

- Hovudforløp 2: Kortvarige alvorlege problem/lidingar og langvarige mildare problem/lidingar
- Hovudforløp 3: Alvorlege langvarige problem/lidingar

Grovt sett er det brukarar i gruppe to og tre som får oppfølging frå teamet som tilbyr miljøtenester heime. Nokre får besøk enkelte gonger i veka, nokre kvar dag, mens andre fleire gonger til dagen. Døme på oppfølging er tilsyn, sårstell, dusj eller gåtur.

Organisering av det psykiske helsetilbodet i Suldal kommune. Det psykiske helsearbeidet i Suldal retta mot vaksne og barn og unge er fordelt på to einingar. I tillegg sit ruskonsulenten på NAV. Dette er illustrert i figuren under



Ansvar for psykisk helsearbeid for barn og unge er delt mellom helsestasjon og kommunepsykolog² barn og unge. Både kommunepsykolog og helsestasjon er lågterskeltilbod og skal gi barn og unge og dei føresette tilbod om psykisk helsehjelp når det er behov eller ønske om det.

Det er dessutan oppretta eit barne- og familieteam på helsestasjonen som er eit tverrfagleg tilbod beståande av psykolog, psykiatrisk sjukepleiar og barne- og familierapeut. Vi får opplyst at dette ikkje har fungert heilt etter intensjonen.

I Sauda kommune har ein organisert det psykiske helsearbeidet retta mot vaksne og barn, samt rusvern, under same eining. Dette inneber mellom anna at kommunepsykolog er organisert under den psykiske helsetenesta.

Tidlegare hadde Sauda same organisering som Suldal, men valde å samle psykisk helse barn og vaksne og rusvern i same eining i 2015. I Sauda opplever ein at den nye organiseringa gjer arbeidet lettare å koordinere, samstundes som det aukar brukaranes tilgjengelighet til tenestene.

² Stillinga som kommunepsykolog er delt mellom Sauda og Suldal, der Sauda er vertskommune, men tilbodet blir gitt lokalt i begge kommunar.

Rus og psykisk helse. Det er høg førekomst av psykiske lidingar blant personar med rusproblem. Undersøkingar viser at ca. 65 prosent av kartlagde brukarar av kommunale helse-, omsorgs- og velferdstenester med rusmiddelproblem hadde psykiske vanskar som gjekk alvorleg ut over deira daglege fungering.

Helsedirektoratet ser rus og psykisk helse i samanheng, og stadig fleire kommunar har organisert det psykiske helsearbeidet og rusvern i same eining. Sauda kommune har organisert arbeidet med psykisk helse og rus i same eining. I Sauda er det òg tilbod retta mot barn og unge i same eining.

Psykisk uhelse hos barn og ungdom. Ein fersk Unicef-rapport viser at Noreg er blant dei beste i verda på å kunna gi barn ein lukkeleg barndom, men viser at ein relativt stor del av barn er deprimerte, samanlikna med andre land (12 prosent)³.


I tillegg viser Ungdataundersøkelsen frå 2019 at delen ungdomsskuleelevar med depressive symptom i Suldal kommune har auka frå 11 til 14 prosent frå 2013 til 2019. Som figuren under viser er det langt fleire jenter enn gutar som rapporterer dette, og mange ungdommar opplever at «alt er eit slit».

Prosentdel som er mykje plaga med depressive symptom

Blant gutar og jenter, og på ulike klassetrinn



Så mange har hatt ulike plager i løpet av den siste veka



Sidan Suldal bu- og aktivitetstiltak kom godt ut av Fylkesmannens tilsyn, tilrår vi å dreia merksemda mot den andre eininga som yter miljøtenester, dvs. Psykisk helse. Her er

³ https://www.nrk.no/norge/rapport_-norge-blant-de-beste-i-verden-pa-barndom-_men-sviker-pa-flere-omrader-1.15145046

miljøtenester ein del av den psykiske helsetenesta, men etter vurderinga vår er det formålstenleg å vurdere psykiske helsetenester i sin heilskap (ikkje berre miljøarbeidarteamet, ikkje berre vaksne). Sentrale spørsmål i Suldal er korleis organiseringa og samhandlinga innanfor dette området fungerer, og korleis brukaren opplever tilbodet

Så vidt vi har oversikt over, har ikkje det psykiske helsetilbodet vore undersøkt tidlegare (i alle fall ikkje dei to siste periodane).

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Suldal kommune vedtok den 11.06 å bestilla ein forvaltningsrevisjon av «miljøtenesta». Både <i>Suldal bu- og aktivitetstiltak</i> og <i>Psykisk helse</i> yter miljøtenester. Suldal bu- og aktivitetssenter er for psykisk utviklingshemma og verksemden kom godt ut av Fylkesmannens tilsyn. Derfor tilrår vi kontrollutvalet å retta merksemda mot den andre eininga som yter miljøtenester, dvs. Psykisk helse. Miljøarbeidstenester er ein del av denne einingas oppgåver, men etter vurderinga vår er det mest tenleg å vurdere den psykiske helsetenesta i sin heilskap.	<u>Problemstillingar:</u> • Korleis fungerer organiseringa av arbeidet retta mot brukarar med psykiske vanskar? • I kva grad er dei psykiske helsetenestene tilgjengelege og kjente? • Kva for eit psykisk helsehjelpstilbod har kommunen til barn og unge og til vaksne brukarar, og kor mange får psykisk helsehjelp? • I kva grad klarer kommunen å setja inn hjelpa tidleg? • Korleis fungerer samhandlinga mellom dei mest sentrale aktørane som yter tenester til personar med psykiske problem? • Korleis blir brukarmedverknaden tatt vare på og korleis opplever brukarane tilbodet, koordineringa av tenestane og eigen medverknad?
<u>Formål:</u> Formålet med prosjektet er å undersøka korleis det psykiske helsehjelpstilbodet i Suldal kommunen fungerer?	

Viss datamaterialet tilseier det, kan revisor gjera mindre justeringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

